

MØTEPROTOKOLL

Ungdomsrådet

Dato: 10.04.2014 kl. 16:15

Stad: Skogshorn

Arkivsak: 12/01448

Tilstades: Anders Lirhus, Brage Sæther Halbjørhus, Linnea Johansson Thorset, Hanne Intelhus, Hanna Juven Gjærde (nestleiar)

Møtande varamedlemer: Andres Rudningen, Tore Flaget

Forfall: Ingvild Haugo (leiar), Mikkel Storeskar, Ingrid Marie Sæther Halbjørhus, Tor Erik Kvinnegard, Håvard Venås

Andre:

Protokollfører: Hilde Storeskar er sekretær for Hemsedal Ungdomsråd

SAKSKART	Side
Saker til behandling	
6/14 Godkjenning av protokoll frå møtet i ungdomsrådet 13.03.2014 Merknad til protokollen vedkomande Håvard Venås. I ungdomsrådet representerer han Hovudutval for livsløp (leiar) og ikkje Kristeleg folkeparti (skrivefeil). Ellers vart protokollen frå møtet godkjent.	
7/14 Fastsetjing av møtedatoar for siste halvår av 2014 Torsdag 11. september, torsdag 16. oktober og torsdag 27. november	
8/14 Invitasjon til DUS (Den unge scenen) i Buskerud Brageteateret, i samarbeid med Buskerud Teater, inviterer ungdomsteatergrupper i Buskerud til å delta. Inntil seks amatørteatergrupper får mogelegheit til å delta. Ungdomsrådet meiner det ikkje er aktuelt sidan det ikkje er nokon teatergruppe i Hemsedal.	
9/14 Innspel i samband med arbeidet kring næringsplanarbeid Arbeidsgruppa for næringsplanarbeidet ynskjer innspel for det vidare arbeidet med planen. Her var det mange engasjerte ungdomar som hadde idear og tankar rundt temaet. - viktig med engasjerte folk som stiller til dugnad og frivillig innsats (det finst mange flinke	

lag og organisasjonar)

- det er ofte nokre ildsjeler som får med seg fleire og lagar godt miljø
- ynskjer fleire gang- og sykkelvegar
- betre skiløype frå Trøim til Tuv
- det bør koma gangveg frå Trøim til Tuv. Kanskje fleire busett seg på denne strekninga då.
- gangvegen frå Trøim til heisområdet burde merkast betre slik at fleire brukar den
- ulike velforeningar i byggefelt kan søkje om tippemidlar for å få støtte til t.d. ballbinge
- få til meir friluftsliv for unger så dei kan gjera seg kjente i naturen i Hemsedal. Kanskje danne ein friluftsklubb. Dette kan føre til at dei sit mindre framfor pc/tv og kjem seg ut i fysisk aktivitet saman med andre gjennom alle årstider. Det er sunne interesser som dei vil ta med seg i oppveksten.
- Allidrett er bra
- viktig at kinosalen skal pussast opp. Det er viktig for tilflytting at det er gode kulturtilbod i bygda. No er det mange som kanskje heller møtast heime hjå kvarandre og ser på film framfor å gå på kino. Det er sosialt og «betre opplevelse» dersom folk går på kinoen.
- Hanna sender mail til Skistar vedkomande tilbyd i skisenteret for ungdom opptil 15 år og mellom 15-25 år.
- Det er ynskje om svømmebasseng. Eller badeland.
- Det er ynskje om paintball-bane
- Golf er ein bra sport som det trengs rekruttering til.
- Mange, også barn/ungdom, går no meir på langrenn og toppturar enn tidlegare

10/14 Oppfølging av saker frå tidlegare møte(r)

Ingrid Marie kunne ikkje møte denne gongen. Me kjem difor tilbake til korleis det går med sanden på sandvolleyballbanen.

11/14 Eventuelt

- Anders tek ein prat med Frank Jonsrud vedkomande å lage ein ballbinge på Svøo. Den kan eventuelt nyttast til ballbinge i sommarhalvåret og skøytebane i vinterhalvåret. Det kan søkjast om tippemidlar til slike formål.
- Det kom fram ynskje om at Hemsedal burde arrangere vårmarked i tillegg til haustmarked og julemarked.
- Det er ynskje om å disponere eit skogsområde til paintball/softgun. Eit avsperra område og der folk har med utstyr sjølv.
- Det fine med å bu i Hemsedal, ei lita bygd, er mellom anna mogelegheiten til å kome med innspel til kva for filmar som skal gå på kino. Det vert spanande med ny kultursal/kino.

Hemsedal, 16.04.2014

Hanna Juven Gjærde
Nestleiar av Hemsedal Ungdomsråd